

Årsmelding 2021

Sula sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Sula sokn

Dette dokumentet er ein årsmelding for arbeidet i Sula sokn i 2021. Meldinga er utarbeida for Sula sokneråd, og leggjast fram for kyrkjelydsmøtet i Sula sokn til vitande.

Årsmeldinga søker å gje ei oversikt over aktiviteten i året som har gått, ei framstilling av den økonomiske situasjonen slik den er kjend no , og å seie litt om planane framover. Årsrekneskapen vert endeleg handsama av soknerådet.



Jan Erik Hovland
Kyrkjeverje
Sula sokn


Innhald

06	SOKNERÅDET
08	UNDERUTVAL
09	TILSETTE
12	STATISTIKK OG NØKKELTAL
14	KYRKJEBYGG & KYRKJEGARDAR
17	DIAKONI
21	GUDSTENESTER
22	TRUSOPPLÆRING
26	KYRKJEMUSIKK
28	ØKONOMI

Tru

I *tru* skjønar vi at verda er skapt ved Guds ord, og at det vi ser, ikkje har vorte til av det synlege.

Hebreatane 11,3



Soknerådet

Sula sokn

Soknerådet har i 2021 bestått av desse medlemmane:

Mari Kristin Blindheim, Lisbeth Båtnes Hareide, Olav Hoff (permisjon frå mai månad), Stine Margrethe Lerheim, Oddmund Jens Måseide, Anne-Berit Salen, Toril Petrine Solevåg, Øyvind Kåre Sunde. Soknepresten i Sula er fast medlem av rådet, med prosten i Nordre Sunnmøre prosti som personleg vara.

Vararepresentantar (i prioritert rekkefølge):

Abraham Heggvik, Rolf Idar Fagervoll, Hege Sonja Tusvik Fiskerstrand, Jarle Sæterstøl.

Kommunestyret sin representant etter kyrkjelova er Annbjørg

Skår Jarnes, med Jan Magnar Sandvik som personleg vara.

Toril Petrine Solevåg vart vald til leiar i soknerådet for 2021, og Øyvind Kåre Sunde nestleiar.

Møter

i soknerådet

Soknerådet har i 2021 hatt 8 møter og har handsama 51 saker.

Også dette året har vi fått prøve oss på digitale soknerådsmøter, men siste halvdel har vi endeleg fått møtast fysisk igjen.

I 2021 vart det årlege soknemøtet utsett til hausten, og blei halden 13. september etter gudstenesta i Langevåg kyrkje.

Underutval

Sula sokneråd

- *Administrasjonsutval*
- *Arbeidsutval*
- *Forhandlingsutval*
- *Diakoniutval*
- *Barne- og familieutval*
- *Gudsteneste- og kulturutval*
- *Kyrkje- og kyrkjegardsutval*
- *Estetisk utval*
- *Planutval for kyrkjelydssenter*
- *I tillegg har soknerådet representanter i Kirkens Nødhjelp (June Skodje Skaar), Kirkens SOS (Lisbeth Båtnes Hareide) og Kirkens bymisjon, Møre (Anne-Berit Salen).*

I 2021 har det vore liten eller inga aktivitet hos dei fleste av desse utvala.

Tilsette

Sula sokn

Ved utgangen av året gjer desse teneste i

Sula kyrkjelyd:

<i>Sokneprest</i>	-	<i>Anders G. Grytten</i>
<i>Kapellan</i>	-	<i>Kirsti Evensen Bjåstad</i>
<i>Kyrkjetenar</i>	-	<i>Amy Lee Sode Hansen</i>
<i>Kantor</i>	-	<i>Håvard Sveås</i>
<i>Organist (25%)</i>	-	<i>Geir Harald Eikrem</i>
<i>Kyrkjelydspedagog (75%)</i>	-	<i>Geir Harald Eikrem</i>
<i>Kateket</i>	-	<i>Barbro Godø Thomassen</i>
<i>Konsulent (80%)</i>	-	<i>Monica Blom-Welle Eikrem</i>
<i>Diakon</i>	-	<i>Ingvild Snipsøyr</i>
<i>Kyrkjeverje</i>	-	<i>Jan Erik Hovland</i>

Parkavdelinga i kommunen utfører det praktiske arbeidet på kyrkjegardane.

Amy L. S. Hansen har vore sjukemeldt januar-mai, og Odd Bjåstad har vore tilsett i vikariat i hennar stilling i denne perioden. Ingvild Snipsøyr har delar av året hatt gradert omsorgspermisjon, og Monica B.-W. Eikrem har hatt eit vikariat i 20% dette året, slik at stillinga hennar har vore på 100%.

Sokneprest Anders Grytten fann det for godt å søkje nye utfordringar i nabosoknet Spjelkavik, og i desember vart Anders Barstad tilsett som ny sokneprest på Sula. Han startar i stillinga i mars 2022.



Håp

Og alt som før er skrive, er skrive
for at vi skal læra av det: Vi skal
få *håp* gjennom det tolmod og den
trøyst som skriftene gjev.

Romarane 15,4

Statistikk

2021

NØKKELTAL	2017	2018	2019	2020	2021
<i>Døypte born i alt</i>	87	68	58	54	63
<i>Vigsler</i>	8	9	11	9	10
<i>Gravferder</i>	68	49	60	68	69
<i>Saker i soknerådet</i>	57	53	57	45	51
<i>Gudstenester i alt</i>	89	86	99	65	83
<i>Gj, snitt gudst. del- taking</i>	132	150	120	66	61
<i>Totalt deltakarar gudst.</i>	11773	12954	11916	4298	5039
<i>Gudsteneste m/ nattverd</i>	47	46	59	38	28
<i>Totalt deltaking nattverd</i>	1904	4634	2629	1438	810
<i>Snitt-tal natteverd</i>	41	101	45	38	29
<i>Konfirmantar</i>	77	82	98	88	96
<i>Skulegudst. i kyrkjene</i>	7	8	6	0	0
<i>Klassebesøk i kyrkjene</i>	3	3	3	3	2
<i>Barnehagebes. i kyrkjene</i>	13	13	14	15	6
<i>Besøk i barnehage</i>	2	2	3	0	1
<i>Besøk i skuleklasse</i>	0	1	5	0	0

Kyrkjebygg og kyrkjegardar

I kyrkjebygga og på kyrkjegardane har vi arbeida med desse prosjekta i 2021.

Dugnadsgjengen “Venner av Langevåg kyrkje» har verkeleg tatt tak i kapellet på Langevåg kyrkjegard. Prosjektet er finansiert gjennom investeringsmidlar frå kommunen, men også med stor frivillig dugnadsinnsats og sponsorinntekter. I 2021 har det vore drenert godt rundt bygget, og fylt på med pukk og grus. Fleire store graner har blitt felt, og vindauga har blitt restaurert. Prosjektet vil fortsette i åra framover, og det er kjekt å sjå den kjærleiken bygget no blir gjenstand for.

Brannsikringsarbeid i kyrkjene


Planteikningar og rømmingsplanar i kyrkjene våre har ikkje vore korrekte. Dette har å gjere med at det har vore gjort endringar i bygga, utan at teikningane har vore oppdaterte. Originalane er dessverre tapt, og difor starta arbeidet med å måle opp og digitalisere planteikningar av kyrkjebygga våre på nytt. Prosjektet kom eit langt stykke i 2021, og blir fullført i 2022 med m.a. oppslag av nye korrekte kart over rømmingsvegane som vil gi økt branntryggleik.

Kor-partiet i Langevåg kyrkje

Det har vore på tapetet lenge å gjere noko med kor-partiet i Langevåg kyrkje. Dette arbeidet måtte vi utsette oppstarten på i 2021, og det vart først i slutten av året at prosjekteringa starta. Arbeidet fortsett i 2022.

Rehabilitering og utviding av Indre Sula kyrkjegard

Indre Sula kyrkjegard vart gjenstand for ei stor rehabilitering og utviding i 2021. Gravplassen er utvida med 3 kistefelt, 1 urnefelt, og ei namna minnelund. Alle gravminna vart fjerna og det vart bygd opp ein ny gravplass over den gamle, som hadde store problema med grunnforholda. Prosjektet fortset i 2022 og skal ferdigstillast sommaren 2022.



Bilde over: Dugnadsgjengen “Venner av Langevåg kyrkje” - har i 2021 drenert godt rundt kapellet i Langevåg - fylt på med pukk og grus. Fleire store graner er blitt felt, og vindauga restaurert. **Bilde under: Rehabilitering og utviding av Indre Sula kyrkjegard** - Indre Sula kyrkjegard vart gjenstand for ei stor rehabilitering og utviding i 2021. Gravplassen er utvida med 3 kistefelt, 1 urnefelt, og ei namna minnelund. Prosjektet fortsett i 2022, og skal ferdigstillast til sommaren 2022.



Kjærleik

Mine born, lat oss elska, ikkje med tomme ord, men i gjerning og sanning!

1.Johannes 3,18



Diakoni

«Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd» (Plan for diakoni, 2007)

Diakoniarbeidet vert gjennom plan for diakoni delt inn i fire satsingsområde som vi utarbeidar lokale planar for og har som hovudmål for arbeidet vårt i Sula kyrkjelyd. Diakoni er grunnlaget for det meste av aktiviteten vi driv i kyrkja. Året 2021 blei eit spesielt år med tanke på at samfunnet i lange periodar vart pålagt strenge restriksjonar knytt til sosial omgang og offentlege arrangement på grunn av covid-19.

Nestekjærleik

Både prestane og diakon har hatt heimebesøk i 2021, i dei periodane at dette har vore forsvarleg på grunn av smittevern. I tider med strenge restriksjonar har heimebesøk i periodar blitt bytta ut med telefonsamtalar.

Vi har i periodar hatt tilbod om «open kyrkje» og «open telefonlinje», eit telefonnummer ein kan ringje dersom ein treng nokon å snakke med. Det har vore ganske få som har benytta seg av desse tilboda, men dei som kjem til kyrkja har gitt uttrykk for at dette betyr mykje.

Vi har hatt institusjonsandakt kvar torsdag på Sulatunet og annan kvar torsdag på dagsenter for eldre og Erindringssenteret, med unntak av nokre periodar då vi ikkje kunne gjennomføre dette av omsyn til smittevern.

Dette er eit samarbeid mellom staben og pastor i frikyrkja etter ein oppsett turnus. 2.juledag vart det halde gudsteneste på Sulatunet. Dette er viktige diakonale tilbod og vi er glade for eit godt samarbeid med institusjonane i kommunen.

I nokre periodar med strenge smitteverntiltak har vi arrangert «open kyrkje». Det vart også open kyrkje etter 10-års-markeringa etter Utøya-tragedien 22. juli. «Open kyrkje» har ikkje vore eit mykje brukt tilbod på Sula, men dei som kom innom kyrkja gav uttrykk for at dei sat pris på det og ønskja det velkommen. I desember vart det arrangert «Open kyrkje» med julekrybbe-utstilling av kapellan Kirsti Evensen Bjåstad. Julekrybber frå mange forskjellige land pynta opp kyrkjene i julehøgtida.

Det vart i 2021 planlagt og gjennomført to minnegudstenester i Langevåg kyrkje, søndag i nyttårshelga. Dette er ei gudsteneste der diakoni står sentralt, med diakoniutvalet som arrangørar. Her får vi gjennom ord og tonar minnes dei i kyrkjelyden vår som har gått bort det siste året. I år vart dette gudstenester med påmelding slik at vi fekk organisert det heile med korrekt avstand i høve smittverntiltaka. Kyrkja er også representert i tverrfaglege samarbeid med ulike kommunale instansar. Diakon og sokneprest er kyrkja sine representantar i den kommunale kriseleiinga og kommunen sitt psykososiale kriseteam. Andre kommunale samarbeid som kyrkja har vore ein del av har i 2021 ikkje vore i aktivitet.

Inkluderande felleskap

Kyrkja har fleire tiltak for inkluderande felleskap for ulike grupper.

- *Kyrkjeklubben er ei tilrettelagt samling for psykisk utviklingshindra, og dei har samling ca ein gong i månaden i Langevåg kyrkje.*
- *Språkkafe på biblioteket som er eit tilbod til innvandrar som ynskjer å bli integrert og lære betre norsk. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja, biblioteket og Langevåg Røde kors. Samlingane er annakvar veke på biblioteket og er eit godt integreringstiltak i Sula.*
- *Kyrjekaffi ynskjer vi å ha etter alle vanlege gudstenester. Det er frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden som har ansvar for dette etter oppsett turnus. Dette er eit viktig diakonalt tiltak for å skape fellesskap knytt til gudstenestene våre.*

Desse tiltaka har vi dessverre i periodar ikkje kunna tilby på grunn av smittesituasjonen og restriksjonane frå myndighetene. Fellesskap for born og unge som babysong og barnekor har vi kunne hatt fleire samlingar på grunn av at smittefaren for desse aldersgruppene ikkje er like stor som hjå vaksne eller menneske i risikogrupper.

Likevel ser vi at kvaliteten på tilbodet dessverre ikkje har vore like godt på grunn av grep vi må gjere med tanke på smittevern, med mindre grupper, avstand og liknande. Fellesskap for born og unge som babysong og barnekor har vi kunne hatt fleire samlingar på grunn av at smittefaren for desse aldersgruppene ikkje er like stor som hjå vaksne eller menneske i risikogrupper. Likevel ser vi at kvaliteten på tilbodet dessverre ikkje har vore like godt på grunn av grep vi må gjere med tanke på smittevern, med mindre grupper, avstand og liknande.

Vern om skaparverket og kampen for rettferd

Misjonsprosjektet vårt i Sula kyrkjelyd er kyrkjelydsplanting og bygging av to kyrkjer i Saku og Mustame i Estland. Kyrkjelyden vår har i 2021 gjennom ofringar på gudstenester, misjonsforeininga Ester og privat givarteneste samla inn ca. 30 000 kr til misjonsprosjektet.

Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon er eit anna stort diakonalt tiltak i kyrkjelyden vår. Her er ein med å gjere ein forskjell for dei som har minst. Arbeidet med at fleire skal få tilgang på reint vatn har dei siste åra vore satsingsområdet for Fasteaksjonen. På grunn av Covid-19 vart det ikkje dør-til-dør aksjon, men konfirmantane arrangerte eit sponsorløp som bidrog ein god del til innsamlinga dette året. I 2021 samla vi inn 63.921,- kr via gudstenestoffer, sponsorløp, vipps og facebook. Dette er ein nedgang frå dei siste åra.

Diakoniutval og framtidsplanar

Diakoniutvalet i Sula sokn består av Olav Hoff (leiar), Heidi Vold, Jorid Strømmland, Rigmor Matvik, Lisbeth Båtnes Hareide, Toril Petrine Solevåg og Oddmund Måseide. Frå staben er diakon Ingvild Snipsøyr og sokneprest Anders Grytten med i utvalet.

Utvalet håper at vi i løpet av 2021 kan starte opp igjen dei tiltaka vi har hatt tidlegare, slik at fleire kan få mulighet til å samlast i kyrkjene våre igjen. Utvalet ynskjer å drive det diakonale arbeidet framover og kanskje skape nye arenaer for ulike fellesskap i kyrkjelyden vår. Visjonane for framtida er at vi ynskjer at kyrkja på Sula skal vere ein plass for alle med ulike typar arrangement og fellesskap. Vi håper at vi i løpet av 2021 kan ta opp igjen den aktiviteten vi hadde før Covid-19 og vere synlege i lokalsamfunn gjennom nye arrangement og ulike samarbeid med lokale foreiningar og organisasjonar.



Bilde over: Gudstenesteliv i 2021 Gode preiker frå sokneprest Anders Grytten. Førebuing til digital andakt og gudsteneste. Vi rakk å få med oss Garness Julekonserten i Langevåg kyrkje dagen før landet stengte ned før jul 2021. Fantastisk julekonsert!
Bilde under: Streaming av julegudsteneste - Julegudstenesta kl. 16.00 frå Langevåg kyrkje vart strømma via facebook - kanskje eit fint tilbod vidare for dei som står heime på kjøkkenet og kokar julemiddag.



Gudsteneste

2021 vart ikkje heilt som vi planla. Gudstenestene gjennom året blei prega av ulike smittvernforskrifter.

Det gledeligaste var at vi fikk gjennomført konfirmasjonane i september på ein god måte. Det tristaste var at mange familier måtte ta avskjed med sine kjære i gravferder der alt for få fekk vere til stades. Elles vart det også i år periodar med digitale gudstenester når samfunnet igjen vart stengd ned.

Det er for tidleg å seie kva for langtidsverkander pandemien får for kyrkjelyden og gudstenestefeiringa. Det var oppmuntrande at gudstenestene vi fekk gjennomføre utan restriksjonar stort sett var like godt besøkt som før pandemien. Det vart også satt opp egne dåpsgudstenester. Samstundes kan det virke som om dåpstalla er synkande. Dessverre er det vanskeleg å få fram statistikk om dette, men det er grunn til uro.

Arbeidet som sokneråd, utval og frivillige gjer i kyrkjelyden vart prega av pandemien. Mange av møteplassene våre, t.d. kyrkjekaffien, forsvann. Dette er det viktigaste i kyrkja - kyrkjelyden lever av relasjonar og møte mellom menneske. Tekniske løysingar kan aldri erstatte dette. Slik sett er vi sårbare når vi ikkje kan møttest fritt. Ein stund går det nok greit, men dersom dette er den nye normalen i lengere tid framover, meiner eg vi må vi finne andre måter å organisere oss på.

Sokneprest Anders Grytten

Trusopplæring



Bilde over: Trusopplæring i mange former - 4.klassesamling og utdeling av 4-klasse bibel. Søndagsskolen har samling og formingsaktiviteter. Det er gøy å lære nye sangar med fin rytme og bevegelsar.

Trusopplæringa i 2021 vart som alt anna prega av pandemien, og mykje av tiltaka har vi måtte avlyse. Året starta med full nedstenging i januar og det vart nødvendig å vidareføre digitale tilbod.

1.klassesamling

Dette året vart det grunna pandemien sendt ut 1.klassesamling digitalt. 6-års boka blei levert i postkassa til dei aktuelle borna.

4.klasse bok

Det vart heldigvis mogleg å få gjennomført 4.klassesamling etter gudstenestene i slutten av november 2021. Her fekk 4.klassingane utdelt bøker under gudstenesta som dei jobba med på samlinga.

Mesternes Mester

Dette opplegget måtte vi dessverre avlyse i 2021.

6.klassesamling

I starten av mars fekk vi til å gjennomføre samling for 6.klassingane i Indre Sula kyrkje. Det vart konkurransar og aktivitet både inne og ute, film og pizza. Kiosken vart ein stor suksess og fagleg fekk dei lære om dei ulike romma i kyrkja, og kva dei blir brukt til.

Tårnagent

Då samfunnet stengte ned igjen i midten av mars 2021 så blei dette ein av tiltaka som måtte avlysast. Men vi oppfordra til å sjå Tårnagent episodene som blei laga digitalt i 2020.

Klar! Ferdig GÅ!

-semesterstartsgudstenesta måtte vi også avlyse. Dette både på grunn av smittevern, men også fordi vi i denne perioden var i full gang med utsatte konfirmasjonar, samt oppstart av nye konfirmantar.

4-årsbok

På hausten klarte vi å gjennomføre ei koronatilpassa 4-årsboksamling i Langevåg kyrkje og Indre Sula kyrkje. Dette gjorde vi ved å ha god avstand og ingen bevegelse under samlinga. Dette er sjølsagt utfordrande for 4-åringar, men vi følte vi lykkast nokonlunde. Det var fint å få møtast i kyrkja igjen og få helse på 4-åringane og dele ut bok til dei.

LysVaken

LysVaken for 6.klassingar blei i år gjennomført utan overnatting, men vart ein stor suksess likevel. Pizza, film, sang, andakt og lek, både inne og ute, stod på programmet. Godt med hjelp av foreldre gjorde dette til eit fint arrangement.

Korarbeid

Blessing, BigBless og Ten-sing har dessverre fått mykje av aktiviteten sin råka av pandemien. Med dårlege erfaringar frå 2020 med Corona-tilpassa øvingar vart det svært få møtepunkt for denne gruppa i 2021. Men dei øvingane vi fekk ha, vart til gjengjeld til stor glede. Det er rundt 40 barn i Blessing no, og det er ei handfull for oss leiarar. Difor har også foreldra bidratt noko meir med praktisk hjelp undervegs i året som gjekk. Dessverre vart det ikkje så mange songoppdrag og sosiale turar, så det er mykje å ta igjen i 2022.

Konfirmantarbeidet

Som i 2020 måtte vi også i 2021 flytte konfirmasjonen til hausten. Vi kunne heldigvis lene oss litt på erfaringane frå 2020 kva gjaldt planlegging og organisering. Flotte konfirmasjonar tre helger i september vart det, og nytt kull ble starta opp med tilnærma normale reglar for aktivitetar og arrangement. Det gjorde at det vart konfirmantleir på Orreneset i starten av haustferien også for dette kullet. Sjølv om vi er blitt betre og betre på smittevern og «Corona-konfirmasjonar», er alle skjont einige om at «vanleg» er eit etterlengta uttrykk, og vi gler oss til å sleppe avslutning og oppstart på omtrent same tid til i 2022.

Samarbeid med barnehagar og skule

Barnehagane kunne få komme til kyrkja og påskevandringar dette året - til stor glede for store og små.

Alle barnehagane kom med avdelingar i kyrkja før jul da vi inviterte til julevandringar. Fleire i staben troppa opp som ulike roller og det var koseleg å få helse på born og vaksne.

Vi hadde nokre få skulebesøk frå 1.klassingar i slutten av januar og klassebesøk frå 3-klasse ved Langevåg skule. Det var veldig kjekt å få besøk i kyrkja.

Smitteverntiltak satt sitt preg også på samarbeidet med barnehagar og skule. Det vart heller ikkje i år mogleg å gjennomføre alle samlingane, vandringane og besøka vi brukar å ha. Nokre YouTube-filmar frå 2020 vart igjen distribuert, og brukt som erstatning. Til jul vart det heldigvis mogleg med nokre tilpassa variantar av julevandringar og barnehage-gudstenester, men dessverre ingenting for skulene.

Det er eit håp at dette vert siste året der pandemien set ein stoppar for at barn og ungdom får komme til kyrkja.



Bilde over: Julevandring for søndagsskulen - Utkledning og rollespel for søndagsskulen da dei fekk komme i kyrkja og få vere med på julevandring og få oppleve historia om då Jesus vart fødd. Dei fekk også helse på dei tre vise menn frå Austerland. Engasjerte born, flott musikk og gode formidlarar.

Kyrkjemusikk

Det kyrkjemusikalske arbeidet har også i 2021 blitt påverka av korona-pandemien, kanskje først og fremst gjennom dei harde begrensningane på antal frammøtte i kyrkja.

Med mindre folk i salen må ein tenkje mer nøysamt om økonomi både på konsertar og musikalske messer, og det har vore eit stort sagn å kunne samle mange på ein gong til musikalske opplevingar og allsong!

Vårhalvåret vart prega av mykje strømming i staden for (og etter kvart i tillegg til) vanlege gudstenester. Her var det kjekt at vi med mange høve hadde gode forsongarar med på galleriet, slik at opplevinga av gudstenestene blei litt likare vanlege gudstenester sidan ein kunne høyre "kyrkjelyden" som song. Tusen takk til gode krefter både her frå øya og frå Voxing som stilte opp!

På hausten hadde vi meir normal drift, og eit klart høgdepunkt vart den siste musikalske messa sokneprest Anders Grytten og underteikna hadde saman, med norske viser som tema. Mykje folk og god stemning, og ei flott avslutning på eit godt samarbeid om denne spesielle gudstenesteforma. Det har vore ei velsigning å jobbe i lag på dei musikalske messene - og det må rettast ei takk til Grytten som ville vere med på å utvikle ei gudstenesteform som er såpass langt unna normalen. Musikalske messer kjem vi til å halde fram med vidare, med nye kostar på prestesida.

Før omikron-restriksjonane la enda ein lei dempar på kyrkjelivet rakk mellom anna kulturskulen, Naturen syng og Garness å halde julekonsertar, og den musikalske messa med julesongar kunne og avviklast med Voxing som musikalske gjestar.



Bilde over: Førehandsinnspelt julekor og Sula Trad Band - Julaftan gudstenesten som vart strømmen i frå Langevåg kyrkje var det eit førehandsinnspelt julekor som stod for salmesongen. 1.juledagsgudstenesta troppa Sula Trad Band opp på tradisjonsvis og var som vanleg eit friskt pust denne dagen.

Julaftan gleda Thomas Nygaard dei frammøtte på første gudstenesta i Langevåg med vakkert cellospel, før eit førehandsinnspelt julekor leia salmesongen på den direktesende gudstenesta kl. 16. Nok ein gong måtte ein tenke litt ut av boks for å skape så gode sjåaropplevingar som mogleg. Sjølv om vi heller skulle ha vore fullsett kyrkje på slike dagar er det kjekt å kunne sende kyrkja og gudstenestene heim til stovene til Sula-folket - og det er ikkje utenkjeleg at akkurat julaftans-gudstenesta blir strømmen også vidare når det ikkje er restriksjonar, så kan ribbekokkar og andre som er forhindra frå å kome til kyrkja få vere med heimefrå!

Sula Trad Band lot seg ikkje skremme av omikron, og var som vanleg eit friskt pust på 1. juledags-gudstenesta. (Foto).

Elles har det vore Syng med oss i samarbeid med bedehuset og frikyrkja, songstunder på Molvær senter, julemusikk til seniorsenteret, song og musikk på institusjonsandakter, i gravferd, vigslar og på medarbeiderkveld samt workshop for pianoelevar frå kulturskulen som fekk sjå, høyre om og prøve orgelet i Langevåg kyrkje. Det er kjekt å vere kantor på Sula!

Kantor Håvard Sveås

Økonomi

Rekneskapen er ført og avstemt av økonomiavdelinga i kommuna, og vert fastsatt i soknerådet

Resultat

Driftsregnskapet er avslutta med eit meirforbruk på 416.000,-. Investeringsregnskapet er avslutta i balanse. Då har det udekte beløpet på kr 267.000 frå 2020 blitt dekt inn.

Kommunen sitt tilskot

Drift

Kommunen sitt tilskot til fellesrådets drift er kr 4.435.000. Tilskotet dekker drift av den lokale kyrke og kyrkjegardane i kommunen. Fellesrådet bestemmer korleis midlane skal brukast.

Det er vidare inngått avtale om tenesteyting med Sula kommune som dekker drifts oppgåver på:

Merkantile oppgåver og leie av kontorlokalar:	kr 120.000
Drift/vedlikehald kyrkjebygg	kr 93.099
Gravplass	kr 591.974
Til saman	kr 805.073

Investering

Sula kommune har løyvd kr 600.000 til investeringar. Det er bokført investeringsutgifter i 2021 på kr 285.000. Dette består av:

- AV anlegg Indre Sula kyrkje: kr 38.000
- AV anlegg Langevåg kyrkje: kr 39.000
- Brannsikring i kyrkjene: kr 100.000
- Langevåg kapell: kr 108.000

I tillegg har kr 267.000 blitt brukt til å dekke investeringar i 2020 som ikkje hadde dekning.

Resterande investeringsløyve på kr 148.000 er satt av på ubunden fond til bruk i investeringar i 2022 for prosjekt som ikkje vart fullført i 2021.

Arbeid på Indre Sula kyrkjegard vert utført av kommunen og overført når arbeidet er ferdig.

Lønn / Personal

LØNN OG PERSONALUTGIFTER	2021	2020
<i>Består av følgende poster:</i>		
<i>Lønninger og honorarer</i>	4 192 373	4 220 302
<i>Pensjonsutgifter</i>	756 689	464 861
<i>Arbeidsgiveravgift</i>	656 143	594 379
<i>Andre lønnsutgifter</i>		
<i>Sum lønns- og personalutgifter</i>	5 605 205	5 279 542
<i>Gj. snittlig antal ansatte</i>	7,0	7,0
<i>som utfører gj. snittlig årsverk</i>	6,8	6,8

Ansatte og årsverk er faste stillinger.

Alle tilsette er tilknytt felles kommunal pensjonsordning i samsvar med tariffavtale i KA tariff-område. Tilsette betalar 2% av løna i premie. Det vart betalt kr. 19.151 i eigenkapitalinnskott til KLP i 2021.

Kyrkjeverja si kommentar til rekneskapen:

Ei omlegging av pensjonsordninga til meir sjølvstendig berekning og vurdering av bruk av premiefondet i KLP gjorde sitt til at det vart eit meirforbruk i driftsrekneskapen i 2021. Som det går fram av tala vart det vel 300.000,- høgare pensjonskostnader enn fjoråret. Dette var ei kraftig endring frå stipuleringa hausten 2020 til endeleg berekning sommaren 2021, noko som gjorde det vanskeleg å føresjå. Her er det for framtida nye rutinar tilgjengeleg hjå KLP, slik at slike ubereknelege endringar kan handterast ved bruk av premiefond.

Det er i tillegg ei strammare driftsramme i tilskotet frå kommunen, då soknet har tatt kutt dei siste åra på om lag 100.000,-, medan faste utgifter har auka med om lag 300.000,-. Det er få plassar i drifta det er mogleg å ta slike kutt, om ein vil skjerma stillingsheimlane. Heldigvis ser vi nokre moglegheiter for meir effektiv drift av kyrkjene, og det er nokre prosjekt på gang som har som mål å realisere dette.

Meirforbruket (underskotet) skal dekkast inn i løpet av dei neste to driftsåra.

Pandemi og manglande ressursar til å følgje opp investeringsprosjekt har gjort at nokre av prosjekta planlagd i 2021 måtte utsettast og/eller vart forseina. Det førte til at det vart eit mindreforbruk av det kommunale tilskotet til investering i 2021. Mindreforbruket har blitt satt av til ubunden investeringsfond til bruk kommande år.

Som i 2020 vart også 2021 eit år med utanforliggjande variablar som satt preg på den økonomiske situasjonen. Det ligg an til at 2022 også vert prega av hendingar i andre delar av verda. Det er grunn til å tru at prisane på varer og tenester vil stige i tida som kjem. Straumprisane vil truleg forsette å stige, medan tilskotet frå kommunen truleg vert lågare. Soknerådet vil difor i tida framover sjå på korleis vi kan imøtegå desse utfordringane best mogleg, medan vi opprettheld det same gode tilbode til kyrkjelyden og folka på Sula.

Jan Erik Hovland
Kyrkjeverje
Sula sokn



Årsmelding Sula sokn
2021